



Sak nr 30/2013

Møtedato: 4.9.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S650

S 650, Grønsenn – søknad om oppføring av sel

Margit Bratvold søker i brev datert 15.8.13 om å få føre opp nytt sel på stølen i Grønsenn.

På stølen er det eit sel i svært dårleg tilstand og er opplyst å vera ca 126 m² (BRA). Både grunnforhold og tilstand på huset gjer at det må rivast. Det blir søkt om å få føre opp eit nytt sel på 94,2 m². Dette er ei gamal tømmerhytte som søkjaren har kjøpt. Det er lagt ved foto og grunnriss av selet, men ikkje detaljerte teikningar med snitt og fasadar. Det er ikkje opplyst kvar det nye selet skal plasserast. Det er opplyst om stølen er i bruk eller ikkje.

Fjellstyret har tidlegare godkjent oppføring av ei brakke som midlertidig sel. Brakke skal fjernast når det er avklara kva som skal skje med selet.

Oppland fylkeskommune har i e-post den 27.8.13 gjeve slik uttale:

Ifølgje søknaden er det gamle selet i veldig dårleg forfatning. Tiltakshavar har kjøpt ei tømmerhytte, og ønskjer å sette opp denne som nytt sel. Det er lagt ved foto og teikningar av tømmerhytta.

Oppføring av det nye selet vil etter vår vurdering ikkje ha negativ påverking på det eksisterande stølsmiljøet. Oppland fylkeskommune ved Kulturarveininga vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til oppføring av eit nytt sel på stølen, som vist på foto og teikningane som er lagt ved søknaden.

Støl i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Støl som ikkje er i bruk skal behandlast etter §11 i stølsforskrift:

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskrifta.

Søknader som skal behandlast etter §11 skal behandlast av fjellstyret og vedtak skal sendast Statskog. Statskog gjer søkjaren kjent med avgjerda.

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 2.9.13: *Statskog er positive til at folk vil holde bygninger vedlike. Det kan i enkelte tilfeller bety at man må rive for å bygge nytt, da eksisterende bygninger er for dårlige. Vi savner en beskrivelse av drifta på stølen og hva den brukes til. Vi ber fjellstyre ta stilling til status på stølen før vi gir en endelig uttale på saken.*

Ved kontakt på telefon den 4.9.13, opplyste Margit Bratvold at stølen ikkje var i bruk no. Fjellstyret rekna stølen for å vera i bruk i sak 48/1995. Det er krav om at stølen ikkje er i bruk i eit samanhengande tidsrom på 20 år før stølen fell i det fri. Stølen må derfor reknast for ikkje å vera i bruk, men ikkje fallen i det fri. Søknaden skal då behandlast etter §11 i stølsforskrift.

§11 gir søkjaren rett til å vedlikehalde eksisterande sel. Det har vore praktisert at ein får føre opp nybygg med inntil tilsvarande areal som det gamle selet. I stølsregisteret er selet ført opp med eit areal på 50 m² (BYA). Bygget er i 1 ½ etasje og bruksarealet er større enn grunnflata som er registert i stølsregisteret. Ut frå foto av det gamle selet, er det vanskeleg sjå at dette har eit bruksareal på 126 m² (BRA).

Fjøset som står i nærleiken av selet er dårleg vedlikehalde. Det står i far for å rase ut i stølsvegen fordi fundamentet begynnar å svikte. Bratvold opplyste den 4.9.13 at det var mest aktuelt at uthus vart ført opp på ein ny plass. Fjellstyret ber om at bygget blir sikra slik at det ikkje lengre er til fare. Om det ynskeleg med ny plassering eller nybygg, må det sendast søknad om det til fjellstyret.

Ved etablering av stig ned til vatnet over S877, er det tidlegare avtala at den del av stølsutvising til S650 som ligg mellom stølsvegen og S877 kan nyttast til parkering. Ved telefonsamtale den 4.9.13 opplyste Margit Bratvold at ho ikkje hadde nokon marknader til at dette arealet går ut av stølsutmålinga til S650.

Vedtak

Før det kan takast endeleg avgjerd om søknad om nytt sel, må fjellstyret få bruksareal på det gamle selet. Vidare må søkjar òg leggja fram komplette teikningar på nytt sel, inkl. fasadar og snitt, samt kartskisse på kvar det er ynskje om å plassere selet.

Arealet som er mellom stølsvegen og S877 går ut av stølsutmålinga til S650 og ny avgrensing følgjer på oversida av stølsvegen langs eksisterande gjerde.



Vedtaket er einstemmig.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Margit Bratvold
Vestre Slidre kommune
Statskog